



Rune Hovde

Vår ref:
20/342-5

Dykkar ref.

Dato:
15.04.2020

Informasjon om handtering av koronaviruset

1.0 Bakgrunn

Stryn kommune har gjennom ei lengre periode iverksett tiltak for så langt som mogleg å sikre liv og helse til innbyggjarane, brukarane og dei tilsette. Kommunen følger dei nasjonale føringane for korleis denne internasjonale krisa skal møtast og følgast opp.

Signalet frå Regjeringa er nå at «vi kan åpne opp samfunnet litt etter litt...kontrollert og over tid». Barnehagane skal gjenåpne frå 20. april, og 1.- 4. trinn i skulen og SFO frå 27. april. Gjenåpninga skal skje gradvis og kontrollert, med nødvendige smitteverntiltak på plass.

Som arbeidsgjevar er Stryn kommune oppteken av at tilsette skal oppleve arbeidssituasjonen så trygg som mogleg.

2.0 Tiltak

Innleiingsvis vil vi takke for den pågangs- og endringsviljen mange har synt i den tida vi har vore og er inne i. Samarbeidet med organisasjonane og hovedverneombodet/verneomboda er viktig for at vi skal kome best mogleg gjennom perioden både menneskeleg og fagleg. Ein del har vore på jobb som vanleg, andre har hatt heimekontor. Mange i denne siste gruppa har opplevde dette som ei god løysing sett i lys av situasjonen, men gjev og uttrykk for at dei av fleire grunnar saknar arbeidsplassen. Kommunedirektøren har no signalisert at han ønsker at fleire som per i dag har heimekontor, møter på arbeidsplassen. Kommunalsjefane vil følgje opp denne føringa i praksis.

2.1 Kva er lov på fritida?

Som arbeidsgjevar ønsker vi å minne om at på tross av alle restriksjonane, så er det viktig å oppretthalde aktivitet utanfor arbeidsplassen som gjer at vi meistrar å «stå han av». Det er ikkje lov å samlast i større grupper til td fest osv, men vi kan opphalde oss saman i grupper på inntil fem personar, så lenge vi held to meter avstand. Kravet om to meter avstand/grupper på fem gjeld også uteaktivitet som trening. Dersom nokon blir sjuke av korona, og vi har vore nærare denne personen enn to meter i meir enn 15 minutt, så må også vi i karantene. Derfor er det svært viktig at vi respekterer den nasjonale føringa så langt vi klarer og at vi ikkje «slapper av».

Sjå elles tilrådingane på [nav.no](https://www.regjeringen.no) og [regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/tema/koronavirus/reguleringer-rad-gitt-av-helsemyndighetene/id2696719/?expand=factbox2696747)
(<https://www.regjeringen.no/no/tema/koronavirus/reguleringer-rad-gitt-av-helsemyndighetene/id2696719/?expand=factbox2696747>)

Desse tilrådingane gjeld til nye vert gjevne av Regjeringa.

2.2 Korleis skal vi handtere koronaviruset på arbeidsplassen?

Stryn kommune vil som nemnt følge tilrådingane som blir gjevne frå myndigheitene. Dette medfører at alle som ikkje er i risikogrupperne møter til ordinært arbeid i lys av dei føringane som blir gjevne frå arbeidsgjevar. Vi forstår at ein skilje kan oppleve det å gå på arbeid i desse dagar som ein noko usikker situasjon. Ikkje ver redd for å luften desse tankane med næraste leiar og kollegaene slik at ein har ein god dialog rundt slike tilhøve. Det er også viktig at leiar løfter tilsvarande tema opp på møter. Det er avgjerande at arbeidsmiljøet no syner seg frå si beste side, i det ein held saman og støttar kvarandre.

Følgande blir konkretisert:

- 1) Dersom ein er sjuke grunna ordinær sjukdom, kan ein nytte eigenmelding. Om ein har passert kvoten for eigenmeldingsdagar (som no er dubla), må ein ha ordinær sjukmelding ved fråvær. Må du vere heime med borna, er også talet på omsorgsdagar dubla. For dei fleste vil dette vere mindre problematisk frå og med 20. april.
- 2) INGEN som har konkrete symptom i luftvegane skal på arbeid. Du skal vere frisk i 24 timar før du igjen er på arbeid. Den som møter må heller ikkje vere i karantene. Det er kun den som har medlem i husstand med stadfesta smitte som ikkje skal møte på jobb om ein sjølv er frisk. For meir informasjon: <https://www.fhi.no/globalassets/bilder/rapporter-og-trykksaker/2020/korona-litt-mye-helt-avstand.png>.

Dersom ein opplever å ha problem i luftvegane, skal du – uansett andre symptom/sjukdomar du ønsker behandling for med lege, via mottakssenteret i Stryn kulturhus. Gje melding når du ringer til legekantoret om dette. Du vil uansett få behandling, men helsepersonellet må ta omsyn til at du kan vere smitta av koronaviruset.

- 3) Dersom du er i ei gruppe med auka risiko for alvorleg forløp av covid-19, td at du er over 65 år, har kronisk sjukdom som hjarte-karsykdom (inkludert høgt blodtrykk) og/eller diabetes, seier rettleiaren til NAV at ein ikkje automatisk har rett på sjukemelding. Dialogen mellom legen, arbeidsgjevar og deg vil avklare vidare forløp:
 - Dersom legen vurderer at du er i ei risikogruppe og treng tilrettelegging på arbeidsplassen, vil legen skrive ei legeerklæring til arbeidsgjevar.
 - Dersom leiar ikkje kan tilrettelegge for arbeid på arbeidsplassen, skal arbeidsgjevar søke å finne tilpassa arbeid til deg i kommunen. Leiar gjev melding til HR-avdelinga om at du er disponibel for arbeid annan stad.
 - Dersom legen vurderer at du ikkje kan arbeide på grunn av sjukdom, vil vilkåret for sjukemelding vere til stades.

For utfyllande informasjon om handtering av tilsette i risikogrupper, sjå vedlegg.

Det er viktig å presisere at dette tiltaket ikkje blir iverksatt for å tvinge nokon på arbeid, men for å sikre at ikkje nokon blir ståande langvarig utanfor arbeidslivet. Dette er også i tråd med NAV sine retningslinjer: <https://www.nav.no/no/person/innhold-til-person-forside/nyttig-a-vite/sporsmal-og-svar-i-forbindelse-med-koronaviruset/privatperson-hva-gjelder-i-min-situasjon#chapter-24>

Det er svært viktig at vi alle er på arbeid så sant dette er mogleg slik at ikkje presset blir for stort for nokre få. Arbeidsgjevar presiserer at alle skal møte på arbeid så sant vi ikkje har legeerklæring på at vi ikkje kan møte.

Som hovudregel skal ein – der det er mogleg - ta lunsjen på den einskilde sitt kontor, eventuelt i små grupper, men der ein held avstand på minimum to meter. Dette kravet gjeld også i det daglege. Vurder om ein kan sitte på annakvart kontor, om ein kan sete i eit tomt møterom osv. Snakk og ha det sosialt saman, men hald avstand. Ikkje stå i klynger. Dersom dette er vanskeleg å få til, bør ein prioritere at tilsette sit på heimekontor. Muligheit til avstand er eit viktig kriterie.

Dugnaden pågår for fullt. Sjølv om vi no mjuknar opp, blir det desto viktigare at vi held fokuset på handvask/antibac, avstand og eiga helse. Gjennomfør møter, men nytt digitale løysingar/virtuelle møterom. Dersom du nyttar andre sine datamaskinar osv, er det lurt alltid fyrst å reinse tastatur dersom dette har vore nytta ila dei siste dagane.

Til slutt minne vi alle tilsette om følgande henta frå «Retningsliner for bruk av sosiale medium for tilsette i Stryn kommune (01.03.2017):

- Ver forsiktig med å diskutere interne forhold på arbeidsplassen på sosiale medium. Bruk tensteveg, tillitsvalde eller verneombod i konkrete saker / eventuelt Stryn kommune sine rutiner for varsling dersom du vil ta opp konkrete saker.
- Ver bevisst på at du har lojalitetsplikt som kommunal arbeidstakar på tvers av tenestemråda.

Facebook ol er ikkje den arenaen tilsette i kommunen skal diskutere kva vi meiner om dei nasjonale tiltaka. Takk for at de respekterer desse retningslinjene.

3.0 Konklusjon

Stryn kommune følger dei nasjonale retningslinjene for handteringa av korona-viruset. Tilsette sin tryggleik er avgjerande for arbeidsgjevar og legg føringar på korleis vi løyser daglege utfordringar.

Helsing
Stryn kommune

Nils-Petter Hauge
personalsjef

Marius Solbakken
Kommuneoverlege

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Delta
DNLF
Fagforbundet
Hovedverneombodet i Stryn

Naturviterne
NETF
NFF
NSF
Utdanningsforbundet

Vedlegg:

Kommuneoverlegen si vurdering

1456287

17.04.2020